



Kyrkjekoret Nordsaang med musikalsk leiar, Eva Megyesi, er forsongarar på salmane og i liturgien. Liv Signe Ulvestadbakken medverkar på kornett.

På søndag, 17. mai, var det planlagt gudsteneste som ein del av feiringa av Grunnlovsdagen i ni av kyrkjene våre i Kvinnherad. Koronasituasjonen gjer at det vert ei digital gudsteneste, i hovudsak filma frå Valen kyrkje, men også med glimt frå alle dei andre kyrkjene i Kvinnherad. Kyrkjekoret Nordsaang er med på gudstenesta. Les meir kva Jan Ove Fagerheim på Kyrkjekontoret skriv:

Det vert ei feiande flott gudsteneste med m.a. Vitae Lux av Frode Alnæs som preludium på kornett og orgel, spela av Liv Signe Ulvestadbakken og kantor Eva Megyesi. Kyrkjekoret Nordsaang er forsongarar når vi stemmer i allsongar som Ja, vi elsker, Gud signe vårt dyre fedreland og Fagert er landet. Rosendal barnekor deltek med flott song og det vert preik og bøn.

Innspelingane er gjort både i Eid kyrkje, Kvinnherad kyrkje, Husnes kyrkje og Valen kyrkje, men det vert og nokre glimt av alle dei tolv flotte kyrkjene i kommunen vår. Sokneprestane Kjersti B. Boge og Jan Ove Totland leier gudstenesta og kantor Eva Megyesi sit på orgelkrakken. Dette er med andre ord ei felles gudsteneste for heile kommunen.

Gudstenesta vert lagt ut på kyrkja si heimeside og Facebook-side om formiddagen på 17. mai. Ein kan og fylgja gudstenesta via nettsidene til både Kvinnheringen og Grenda.

Kyrkja i Kvinnherad ynskjer med dette å gratulere alle med dagen, og håpar mange vil ta del i fellesskapet og den spesielle feiringa av årets 17. mai.



Prestane Jan Ove Totland og Kjersti Brakestad Boge er liturgar.

Tekst/ foto: Jan Ove Fagerheim
Nett: Kristian Bringedal